

# SISTE INDRE

imfrogaland.no

## Vi er gode nyheter



VIL DU KJØPE LODD TIL  
**HJULEMESSAS HOVEDTREKKING,**  
**VIPPS TIL 620889**

VIL DU KJØPE LODD TIL  
**HJULEMESSAS GOURMETBASAR**  
**VIPPS TIL 637490**

OG MERK BELØPET HJULEMESSA, SÅ  
SKRIVER VI LODD PÅ DEG. 10 KR/LODD.  
GEVINSTER: 55` TV, GAVEKORT 5000 KR PÅ  
BOHUS, KENWOOD CHEF KJØKKEMASKIN,  
MALERI OG MYE, MYE MER

OG MERK BELØPET GOURMETBASAR, SÅ SKRIVER VI  
LODD PÅ DEG. 10 KR/LODD. GEVINSTER: 3-RETTERS  
GOURMETMÅLTID; MED HELSTEKT INDREFILET &  
FLØTEGRATINERTE POTETER; GRØNNNSAKER OG  
SOPPSTUING SOM HOVEDRETT FOR 12 PERSONER  
OG FLERE GAVEKORT PÅ MAT OG MÅLTIDER

# Har du lest instruksen?

Jesus hadde 12 disipler. Han levde så tett på dem at de så hans dagsrytmer, hans hjertelag, de fokusområder han hadde, hvordan han møtte mennesker og hvor nært og avhengig han var av sin Far og den Hellige Ånd. Etter tre år satte dette spor i de 12. De visste for mye, de kjente Jesus for godt til å gå tilbake til det gamle livet. Nye livsprosjekt var starta, nå var det de som skulle ha disipler.

I den ene av Bibelens bøker, Apostelgjerningene, får vi følge noen av disiplene i små glimt av det livet de levde etter at Jesus fikk opp til Himmelten. De fikk den Hellige Ånd og den kraft han gav til å leve og tjene. Men, de fikk seg disipler, noen de kunne lære opp. Både Lukas og Markus, som har skrevet hver sitt evangelium, er disipler eller læringer av noen av de 12. Peter brukte også litt tid på å lære opp Paulus. Apostelen Paulus fikk god plass i Apostelgjerningene. Han er en spennende person. Selv om han ikke hadde hatt Jesus som sin egen lærermester, forstod han Jesu disippelgjøringsundervisning veldig godt og praktiserte den selv.

Vi vet ikke veldig mye om de ca. 15-16-17 første årene etter at Paulus kom til tro. Vi vet at han brukte veldig mange av disse årene i sin føderegion nær byen Tarsus. Kanskje han brukte tiden til å disippelgjøre slekt og barndomsvenner? Men, når han kjenner kallet til å reise ut med evangeliet og dra på sine tre misjonsreiser fra øy til øy og land til land i det vi kaller Syden, da ser vi noe flott. På hans første misjonsreise ser vi navn på

3 personer som var hans medarbeidere og disipler. Samme tall for den andre misjonsreisa er 11, mens det nevnes hele 37 personer i beskrivelsen av den tredje reisa. Årsaken til dette var nok ikke at Paulus sin kapasitet økte og økte, det er ikke sannsynlig for en mann som ble eldre og eldre. Den mest sannsynlige forklaringen er nok at han på andre og tredje reise for det første hadde med seg eller møtte mennesker han selv gjorde disipler av samtidig som noen navn er disipler av hans egne disipler.

Den kanskje mest kjente av Paulus sine disipler, er Timoteus. Paulus gir sin gode, unge venn Timoteus en veldig viktig instruksjon. Han sier i 2.

Timoteusbrev 2,2: «Det du har hørt av meg i mange vitners nærvær, skal du gi videre til pålitelige mennesker som er i stand til å undervise andre.»

«Jeg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler: Døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

Har du en disippel, en som er din lærer? En som i neste omgang kan lære videre den tro, det liv, de holdninger og de prioriteringer du har lært videre? (Les om vårt mentornettverk)



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80  
Nettside: [imfrogaland.no](http://imfrogaland.no)  
E-post: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Anne Birgitte Auestad 920 90 232  
Tore Nesvåg 915 49 912  
Ester Frantzen Aarsland 975 78 627

**Kretsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 971 71 745

**Kretsstyreleder**  
Egil Vigdel  
Tlf 464 11 819

Bankgiornr.  
8220.02.80101  
**Vapps** # 21841

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilsutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 4 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjølhusvegen 70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88  
  
Direktenummer  
Tove Braut 51 79 38 88  
Heimeside: [ognatun.no](http://ognatun.no)  
Epost: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)  
  
Avdelingsleiar:  
Tove Braut Tlf. 951 00 842

# Bodskapen frå juletreet!

Vi har sikkert alle vore med å pynta eit juletre ein eller mange gonger. Og er det noko som skapar julestemning i stova så er det eit pynta juletre. Men tenkjer vi over kvifor vi pyntar juletreet slik vi gjer?

Det er mange flotte symbol og påminningar som det er både godt og utfordrande å ta med seg inn i advent og julefeiring. Vi pyntar gran eller furu, tre som står grøne heile tida, vi kallar dei for «eviggrøne» Det minner oss om kjernen i julebodskapen. Jesus kom med det evige liv. I trua på Jesus får vi menneske del i det evigelivet, som begynner på jord og vil halda fram alltid i himmelen. «For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Juletreet minner oss på denne moglegheit. Stjerna i toppen på juletreet minner om betlehemstjerna som viste veg for dei vise menn til Jesus.

I julesongen «Deilig er den himmel blå» minner Nikolai Grundvig om at vi også har ei slik ledestjerne som vi blir oppfordra til å fylgja: «Denne stjerne lys og mild, Som kan aldri

lede vill, Er hans guddoms ord det klare, Som han lot oss åpenbare, Til å lyse for vår fot.» Mange pyntar juletreet med ulike glitterband som heng frå toppen av treet og nedover. Desse banda symboliserer kjærleiken frå Gud til oss menneske. Sjå på juletreet og la det søkkje inn, - du er elskar av Gud. Nokon har band og lenker som går rundt treet. Ei påminning om å formidla kjærleiken frå Gud, i både ord og handling, ut til våre medmenneske rundt oss. Hjartekorger med ulikt innhald og utforming er ei konkretisering av Guds godheit og omsorg som skal formidlast vidare til fleire.

Kuler i mange farger og ulike størrelser er kanskje den pynten som er aller mest brukt. Kulene er eit symbol på jordkloden. Jesus fødsel julenatt har ein bodskap til alle menneske på heile vår jord. Det var ein frelsar for alle menneske som kom då Jesus vart født. Jesus vil vera din frelsar!

Her minner også juletreet oss om misjonsoppdraget vi har. Bodskapen frå julenatta, evangeliet om frelsaren, - Gud med oss, er ein bodskap som fleire må få høyra. Julekulene sin sterke bodskap er at alle på heile vår jord må få høre om Jesus, og at det er ditt og mitt ansvar som kjenner Jesus, å gje det vidare.



Terje Slettebø

I «gamle dagar» som det populært heiter, var det viktig at juletrefoten hadde utforming som ein kross. Gjennom dette fekk ein fram at Jesus som vart født i stallen i Betlehem måtte gå vegen om Golgata og døy på krossen for å sone våre synder. «Frå krybbben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg», syng vi i ein julesong. Vers 3 i den kjente julesongen «Stille natt, heilage natt» summerer opp bodskapen frå juletreet:

**«Stille natt, heilage natt. Himlen gav oss vona att. Vi med hyrdingar glade går. Stjerna enn over stallen står. No er ein frelsar oss født.»**

Velsigna adventstid og fredfull julehelg!

# Jul med nestekjærleik på menyen

I staden for å samlast mange til julefeiring på Ognatun 3. juledag, vil vi i år satse på å samlast i heime - i små grupper og i tråd med anbefalte smitteverntiltak.

► Av Terje Slettebø

-Vi vil i første omgang oppfordre alle som har vore med i komiteen for julefeiringa til i løpet av desember å invitere eller å gå på besøk til ein familie eller enkelt personar, fortel primus motor for julefeiringa, Anne Berit Aarsland.

## Organisert

Dette tiltaket vil bli organisert av ImF-Rogaland slik at flest mogleg som har vore på julefeiringa får ein invitasjon, eller kan det lett bli nokre familiar som får fleire invitasjonar. Ein vil og ha dialog med Hå mottak og inkludere dei som bur der. Det er og eit alternativ å invitera med seg ein familie ut på kafé/restaurant for dei som ynskjer det.

## Rammer

Anne Berit anbefaler at det blir lagt klare rammer for eit slikt besøk. Ho oppmuntre til at juleevangeliet blir delt. Smittevern må ein også tenkje på og halda seg innanfor myndighetene sine råd. Prioriterer ein å vera med på dette bør ein ha færre andre nærbesøk same veka.

## Gode relasjonar

Ho håpar at slike besøk vil skape gode og varige relasjonar mellom etnisk norske familiar og våre nye landsmenn. Men også at ein slik invitasjon kan bety mykje for andre som kjenner på einsemd i desember. -På denne måten kan vi snu Koronasituasjonen til noko positivt og eg håper vi gjennom dette kan få bety noko for enda fleire enn vi hadde kunna med julefeiring på Ognatun, understrekar Anne Berit.

## Eige nærmiljø

Alle som vil kan delta på dette prosjektet om ein ikkje har vore med i komiteen for julefeiringa. Og ein kan også invitere eller



gå på besøk til familiar eller einslege som bur i sitt eige nærmiljø. Har du og din familie lyst å vera med, men ikkje veit kven du skal besøkja eller invitera, er det berre å kontakte Anne Berit på tlf. 977 67 073 eller mail: ab.aarsland@imf.no. Det vil etter kvart koma meir info på ImF-Rogaland si Facebook side.

# Byvandring til minne om jøder fra Rogaland



Paul Odland.

Krystallnatten er betegnelsen på den grusomme natta mellom 9. og 10. november i 1938 da Hitler fanget jøder i både Tyskland og Østerrike for å frakte dem til leirer der de etter hvert ble drept på bestialsk vis. Da Norge ble okkupert av Tyskland i 1940 bodde det 2100 jøder her. Store Norske Leksikon forteller:

► Tekst og foto: Torgeir Lauvås



Byvandring, krystallnatta, Østervåg 15.

«I 1942 begynte en systematisk forfølgelse, med arrestasjon av alle norske jøder. I løpet av 1942 og 1943 ble i alt 773 norske jøder deportert til tyske dødsleirer. Den største deportasjonen skjedde 26. november 1942 da i alt 529 jøder ble fraktet ut av landet med skipet DS Donau. De fleste norske jødene ble sendt til dødsleiren Auschwitz; kun 38 overlevde. Med dette utgjorde jødene over halvparten av alle nordmenn som ble drept i tyske leirer under krigen. I forkant av andre verdenskrig utgjorde den jødiske minoriteten om lag 2100 personer. Ved folketellingen i 1946 ble det registrert 559 jøder.»

Mandag 9.november var det byvandring i Stavanger der vi stoppet på steder der det bodde eller arbeidet jøder som ble tatt og etter hvert drept. Israelsmisjonen ved Paul Odland stod i bresjen for vandringen som i godt høstvær ble en verdig og enkel markering der vi så små bronsesteiner lagt ned i asfalten på hvert sted. Steinene fortalte oss navn, fødselsdato og dødsdato for disse som ble offer for nazismens grusomheter. Dette må vi ikke glemme.

Det er stor sannsynlighet for at det blir lik markering av krystallnatten neste år den 9. november. Da vil kanskje du også bli med?



Innskift på stein: Julius og Rösi Fein. Østervåg 15.



Jacob og Jeanette Reichwald. Figgjogaten 11.



Hille Elieser, Judith Nina og Ada Abigael Becker. Biskob Njål Gate 30.



Elisabeth Aarsland, Tobias Rimestad, Trond Stokka og Mathias Wold.

# ImFs undervisning for Lederdagen er for alle

Lørdag 7. nov var en liten gjeng samlet til en lederdag på Nærø bedehus. Vi fikk sett alle de fem undervisningsfilmene som ligger tilgjengelig her: <https://www.imf.no/arrangement/lederdag-7-november/>

Første temaet handler om bønn. Irene Krokeide Alnes underviser, og en tilgjengelig powerpoint med spørsmål og moment til samtale gir godt utgangspunkt for samtale i små grupper. Før god lunsj, levert fra Ognatun, fikk vi også undervisning av Runar Landro om hvorfor det er viktig å arbeide med visjon, strategi og verdispørsmål i forsamlingsarbeidet.

De tre neste temaene handler om sunt og usunt i kristne forsamlinger, lederutvikling med ringvirkninger og medmenneskelighet i forsamlingene våre. Her bidrar Arne Tord Sveinall, Nils Jøssang, John Torjus Eriksen og Anne Furnes.

Vi anbefaler at flest mulig ser disse videoene. Spesielt lurt er det å se dem sammen i styret, huskirka eller ledergruppa og ta en god prat sammen etterpå.

Torgeir Lauås



Asgeir Pollestad, Signy Beate Håland og Anne Birgitte Auestad.



Monica Pollestad, Tor-Martin Birkeli og Anne Berit Aarsland

# Rogaland kristne mentornettverk



ROGALAND KRISTNE MENTORNETTVERK



Anne Berit Aarsland.

ImF-Rogaland starta for eit år sidan eit mentornettverk. Medarbeidarane i ImF-Ung Rogaland opplevde at fleire ynskte seg ein mentor.

► Av Terje Slettebø

Responsen har vore overveldane, fortel leiar for ImF-Ung Rogaland, Anne Berit Aarsland. - Nå har omlag 15 personar (mentee) blitt kopla til nettverket. Formålet med nettverket er at flest mogleg kan ha nokon å snakka med som kan gje støtte og hjelp på vegen i lag med Jesus.

## På tvers

Ho opplyser at nå har nettverket skifta namn til Rogaland kristne mentornettverk fordi vi vil at nettverket skal vera på tvers av organisasjoner og forsamlingar. Håpet er at flest mogleg skal få sin eigen mentor. - Vi vil kople mentorar med dei som ynskjer ein mentor, utruste og inspirere mentorar samt sikre trygge og gode mentorforhold.

## Gode tilbakemeldingar

Fra ein mentor i nettverket vår kom denne tilbakemeldinga: «Jeg har fått meg mentee og sammen har vi hatt vår første samtal. En samtal jeg opplevde utrolig meiningsfylt og flott.

Det var med stor takknemmelighet og ett herlig smil jeg la meg i går kveld, en takknemmelighet til Gud og det han gjorde i vårt



møte. Vi har satt ny dato allerede om to uker, jeg ser med spenning fram til fortsettelsen.»

Og ein mentee uttrykker det slik:

«Jeg var så oppmuntra og glad etter første samtal. Følte meg velsigna. Jeg er så fornøyd og takknemlig. Det har vært en stor opptur i livet å få en mentor. Tusen takk til kretsen som gjør dette mulig - skulle ønske flere brukte en slik anledning!»

## For par

Nå arbeider vi med å utvide nettverket slik at ein også som par kan snakka med eit mentorpar. Ta gjerne kontakt med nettverket, er oppfordringa. Både du som vil være mentor, og du som ynskjer å snakke med ein mentor, eller de som vil snakke som par med eit anna mentorpar. Vi er allereie godt i gang, og har tru på at dette kan få stor betydning for mange!

**Ta kontakt på e-post:**  
kontakt@rogalandkristne-mentornettverk.no

## MENTORFAGDAG

4.februar 2021 på Ognatun



Øivind  
Augland kjem  
og blir med  
oss

Program:

18.00 Velkommen

18.10 Presentasjon og status-oppdatering av mentornettverket.

18.30 Foredrag av Øivind Augland

19.15 Mat

19.45 Foredrag av Øivind fortsetter

20.30 Spørsmål og erfaringsdeling

21.00 Slutt

## VELKOMMEN

Påmeldingsfrist: 01.02.2021

Påmelding til Anne Birgitte Auestad  
Tlf 92090232



Ida Husveg viser fram nokre av maleria i utstillingsrommet heime på Vikeså.

# Bruk det talentet du har fått!

-Vi har alle fått ulik utrustning og naturgåver av Gud. Eg brenn for at alle skal få frimod til å bruke sitt talent og gjennom det glede andre.

► Tekst og foto Terje Slettebø

Dette seier Ida Husveg (74), på Vikeså, som er malar og sjølv har gleda mange med sine maleri i over 40 år. Ho huskar at ho lika å teikna som litra jente og hadde ein naturleg interesse for dette. Etter kvart fekk ho også hjelp og oppmuntring til å utvikle sitt talent. Eit malerkurs på Kyllingstad hjå Liv Kyllingstad Godin for nærmare 40 år sidan fekk stor betydning.

## Livsvisdom

Ida trekkjer også fram kurs i fargelære hjå Jørgen Dukan. Han var spesielt flink til å oppmuntre. Om eit maleri vart mislykka fant han alltid noko i det som var bra og som ein kunne byggja vidare på. -Ein lærdom og livsvisdom å ta med seg inn i mange områder av livet, reflekterer ho.

## Brurmøyene

Som kristen er det naturleg for Ida Husveg å innimellom male kristne motiv. Ho viser fram eit maleri av kvinnene som kjem til den opne grava påskemorgon. Og eit maleri av likninga om dei 10 brurmøyene blir henta inn frå gangen. -Det var så sterkt å male 5 gode og 5 dårlege brurmøyar at eg enda opp med eit maleri av dei fem gode på veg inn i lyset, fortel kunstnaren.

Dette maleriet blir ståande framfor oss medan vi pratar vidare. Bodskapen i ei kjent forteljing i Bibelen blir sterkt, nær og talande gjennom maleriet.

## Kristne kunstnarforening

Ida har i mange år vore aktiv i Kristne kunstnarforening og det har vore til inspirasjon og glede. -Her har eg treft andre som driv med det same som meg og det er gjevande i seg sjølv. Såhare vi hatt godt åndeleg fellesskap og fått påbygg av kunnskap gjennom både å læra av kvarandre og gjennom ulike kurs.

## Stor glede

Kunstnaren har framleis stor glede av å mala. -Eg kan ikkje la vera å uttrykka meg gjennom

å male, det gjev meg veldig glede, seier Ida Husveg. Før ho vart pensjonist underviste ho også i oljemaling i kulturskulen i Bjerkreim. -Det var også veldig gildt og eg er takknemleg for at eg fekk vera med på dette, fortel ho. -Det var ei glede å sjå utviklinga hjå dei eg fekk undervise.

## Misjonsprosjekt

For Ida har også kunsten vore eit misjonsprosjekt. Mange maleri har vore gevinstar på utloddinger i kristent arbeid, nokre er blitt auksjonert bort og nokre gonger går prosent av salet til gode formål. Gjennom dette opplever Ida at ho får bruke sine gåver til å vera med gje til misjonsarbeidet som vi merkar ho har ein sterkt brann for.

**Taler:**  
Andreas  
Evensen

**Program:**

- 17.00 Registrering
- 17.30 Lovsang
- 17.45 Undervisning
- 18.15 Årsmøte og mat

**ImF-kveld**

**Tirsdag**  
**20. april**  
**kl 17.30 på**  
**Ognatun**

Årsmøte & kveldsmat

Kollekt til ImF Rogaland

# Nytt frå Ognatun

På Ognatun er det igjen forholdsvis stille etter at vi har hatt ein del aktivitet tidlegare i haust. Koronasituasjonen gjer at mange arrangement nå i førjulstida blir avlyst.

Men dugnadsfolket sitt arbeidet med Gapahuken held fram og bygget tek form nede ved Helgåvatnet. Vi gleder oss til å ta gapahuken i bruk, den blir ein flott tilvekst på Ognatun.

Vi kan også sjå tilbake på ein flott Ognatun-basar 24. sept. Med nødvendige smittevern-tiltak vart basaren gjennomført. Mykje lodd vart seld via facebook. Alfred Salte tala, og Trekkspelklubben song og vi fekk ein flott kveld saman. Inntektene frå basaren vart på 207 000, som er eit av dei beste resultat vi har hatt.

For tida er vi inne i ei tid med skifte av medarbeidarar på Ognatun. Toril Aarsland Reime slutta i sommar og Evy Matnisdal og Tone Vigrestad avsluttar nå i november. Elisabeth Aarsland overtar kjøkkenleiarstillinga 01.01.21 etter Tone Vigrestad. Det er framleis ledig ein stilling som kjøkkenassistent. Interesserte er velkomne til å ta kontakt med oss på Ognatun.

Hjarteleg takk til gode medarbeidarar som avsluttar sitt arbeid, og velkommen til Elisabeth som går inn i arbeidet frå nyttår av.

For Ognatun, Tove Braut, avdelingsleiar



Elisabeth Aarsland overtar som kjøkkenleder etter Tone Vigrestad.



Stine Terese Erga deler ut gevinstar på åresalet.



Gapahuken tek form nede ved Helgåvatnet.

# Vinterbasaren 2021

Vinterbasaren i Bjerkreim og Egersund blir selv sagt også rammet av koronarestriksjoner. Men misjonen trenger inntekter, og komiteen har kommet fram til å holde basar på følgende måter:

## Bjerkreim

I Bjerkreim blir det et møte med åresalg lørdag kveld 06. februar. Da blir også vinnerne på hovedlotteriet lest opp. Loddssalget til dette lotteriet foregår i januar på øvrige møter og privat hos medlemmene.



Bjerkreim bedehus.



Egersund bedehus.

## Egersund

I Egersund blir det salg av nysteikte kransekaker direkte fra bedehuskjøkkenet tirsdag 8. desember. Dette kunngjøres på forhånd blant venner og kjente, på møter og på facebook. Helga 21.-23. januar blir det loddssalg på hovedlotteriet på Amfi kjøpesenter, og vinnerne blir trukket ut kl. 15 lørdag med folk fra både Bjerkreim og Egersund. Vinnerne får gevinstene levert på døra.

På begge plassene må det betales med VIPPS eller kontant med korrekt sum. Vekslepenger kan ikke benyttes.

Slik mener vi at smittevernet blir ivaretatt, og vi håper på et godt økonomisk resultat dette året også.

BM

## Fokus på forbønn

Tirsdag 19. januar kl 19.00 er du velkommen til en fokuskveld der vi får undervisning om forbønn i forsamlingsene vår, -muligheter, metoder og fokus på forbedrerens rolle. Enkel servering. Mulighet for spørsmål og samtale.

Sted: Ognatun, Underviser: Aud Karin Kjølvik Ringvoll



# Mannsweekend

imf Indremiljøn i Øst-Østerdalen

## «Walk the talk»

Ognatun 15.-17. jan 2021  
Ola Honningdal Grytten taler  
Husorkester  
Forkynnelse – Sang – Sosialt  
-Utlodning—God mat– Konkurranse  
Seminar om Israel  
Seminar om Hans Nilesen Hauge



# Weekendar på Ognatun våren 2021

## Mannsweekend

15.-17. jan  
Talar: Ola Honningdal Grytten  
Lovsongsband.  
«Walk the talk»  
Fokus på Hans Nielsen Hauge og Israel  
Pris kr 1880,-

## Damehelg

29.-31. januar  
Talarar: Annie Schaug  
«Hverdagsgull»  
«Fest og basar»  
Bibeltimar, møter og delekveld  
Pris kr 2080,-

**Damehelga er fullteikna med venteliste!**

## Kvinneweekend

12.-14. mars  
Talar: Kari Holmås  
Song: Brit Jorun Hovda  
Festkveld  
Utlodding  
Pris kr 1880,-

### Fellesinfo:

Leie av sengtøy kr 95, oppreidd seng kr 135,-  
Pris for einerom er kr 2280,-/2480,- (avgrensing på einerom)  
Påmelding på nettsida til ImF-Rogaland: imfrogaland.no eller tlf. 51 79 38 80  
Velkommen til helger med åndeleg og sosialt fellesskap på Ognatun!

**NB! Vi må vurdere moglegheitene for å kunne gjennomføre arrangementa i lys av korleis koronsituasjonen utviklar seg.**



Anne Birgitte Auestad

## Ynskjer å vera resurs for «Jesus heime»

ImF-Rogaland startar YouTube-kanal.

Når koronsituasjonen set grenser for lagsbesøk og aktivitetar i fleire barnelag, går arbeidarane i barne - og ungdomsarbeidet nye vegar.

► Av Terje Slettebø

Barne og familiearbeidar Anne Birgitte Auestad kan avsløre til Siste Indre at Ung - avdelinga planlegg å starte «YouTube»-kanal. Gjennom den ynskjer ein å vera ein ressurs for «Jesus heime», noko som er veldig aktuelt når aktiviteten i barnearbeitet er mindre.

-Vi ynskjer å dele enkle kvardagshistorier, både suksessar og utfordringar, - og å gje «nuggets» i kvardagen, ein ny kvar veke. Vi håper dette kan bli ein ressurs i mange familiar til å ha samtalar om tru og liv i kvardagen. Vi tenkjer at desse små filmsnuttane også vil bli delt på Instagram og Facebook, seier Anne Birgitte.

Arbeidet er i planleggingsfasen men ein del aktuelle tema er allereie blitt løfta fram:

«Kjærlighetsspråk», leggetid, bønn for barna, Bibel, venner, media, konfliktar, besteforeldre, tilgjeving, Gud på første plass.

Anne Birgitte håper at dei første filmane skal vera klar ute på våren og ho oppfordrar samtidig familiar som har gode tema og opplevelingar/erfaringar om å ta kontakt. Håpet er at vi kan dela erfaringar som kan bli til hjelp for andre.

**Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania**

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydoms Venner)

Se mer på [www.mulbadaw.com](http://www.mulbadaw.com)

## BØNNE- OG TAKKEEMNE

### Be for:

- Koronsituasjonen i landet vårt.
- Julefeiring med ny vri
- Hjulemess
- Rogaland kristne mentornettverk
- Ny kjøkkenassistent på Ognatun

### Takke for:

- Ny kjøkenleiar på Ognatun
- Ognatunbasaren
- Alle leirleiarar
- Fritidsforkynnaranane
- Dugnadsfolket på Ognatun



### Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne  
Wellehavensv. 19, 4319, Sandnes  
Møllevegen 4, 4360 Varhaug  
(Felleskjøpet Varhaug 2. etasje)  
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no  
[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



### Bryne Rør A/S



Telefon: 51 77 82 00  
E-mail: post@bryneror.no



Haaland Tynnplate AS  
Skogateigen 28  
4362 Vigrestad  
[tynnplate.no](http://tynnplate.no)

### Astor Industri Eiendom AS



BRYNE REGNSKAP

### Vardheiveien Eiendom AS

WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44

**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon

**MASKINERING &  
SVEISESERVICE A/S**

**Pål Hatteland AS  
Entreprenør**  
**Mob 99278710**



**Her kan du  
annonser!**

**Tlf 975 25 110**  
**Post@bryne-regnskap.no**  
**[www.bryne-regnskap.no](http://www.bryne-regnskap.no)**

Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning



**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø  
+362 Vigrestad  
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

**Brit Ege Salongen**  
**Tlf: 51 48 03 72**

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger  
51 97 29 00

**GRUDE  
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon  
tlf.: 51 78 98 50

BYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

**Haugstad Eiendom AS**  
**Postboks 37**  
**4369 Vigrestad**

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

**Elektrofag Jæren**

Industriet. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • [post@elektrofag.no](mailto:post@elektrofag.no)



En god kontakt på Jæren

**EL-PROFFEN**

**RIANOR AS**

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99

**Vi ynser alle leesarane av Siste Indre ei velsigna advent  
og fredfull julehøgtid!**



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

# Koronatid og misjons- økonomi

Spennande, men og mykje og takke for! I utfordrande tider er det godt å ha gode vene. Slik kan vi kort summere opp den økonomiske situasjonen for ImF-Rogaland. Vi er først og fremst svært takknemlege til misjonsfolket som har båre arbeidet økonomisk gjennom dette spesielle arbeidsåret.

Oppdatert prognose i november viser at ImF-Rogaland nå ser ut til å gå mot eit underskot på drifta med kr. 100 000 for 2020. Inntektene gjennom første del av hausten har vore noko betre enn det vi rekna med når vi informerte om økonomien i septembernummeret av Siste Indre.

Rekneskapen ut september for ImF-Rogaland viser eit underskot på drifta på 426 000 kr. På same tid i fjor hadde kretsen eit underskot på 778 000 kr. Ei testamentarisk gâve til ImF-Rogland i juli på 334 832 gjør at totalrekneskapen viser eit underskot på 100.000.

Vi vil spesielt takke alle som har sendt oss eit haustoffer. Alle beløp har varma oss og til saman har det kome inn omlag 90 000 kr. Nå vil vi rette fokus mot Hjulemessa som du kan lese om på framsida og baksida av dette nummeret. Vi håper på god oppslutning om den.

Det vil og i desember bli sendt ut ein giro med moglegheit til å gje ei julegåve til ImF-Rogaland.

Hjarteleg takk til alle for omsorg og støtte i arbeidet.

For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

VIL DU KJØPE LODD TIL HJULEMESSAS HOVEDTREKKING, VIPPS TIL 620889 OG MERK BELØPET HJULEMESSA, SÅ SKRIVER VI LODD PÅ DEG. 10 KR/LODD

**VIL BYR PÅ JULESTEMNING OG  
OVERRASKELSER.**

Salg av julegrøt, julekaker, lynlodd og julepynt m.m. Smittevernregler.

Onsdag 2. des kl 17.00-18.00 Nærø Bedehus  
Onsdag 2. des kl 19.30-20.30 Bore Bedehus  
Torsdag 3. des kl 19.30-20.30 Fredheim, Sandnes  
Fredag 4. des kl 17.00-18.00 Sarø, Bryne  
Fredag 4. des kl 19.30 -20.30 Bjerkeim Bedehus  
Lørdag 5. des kl 15.00 - 16.00 Vigrestad Misjonshus

**Hjulemessa 2020**

**En julemesse på hjul som kommer til et bedehus nær deg.**

imf Rogaland